

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Hella Bedehus
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8206 - 20/21385

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
24.04.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr. 432/51

Tiltak: avvik septiktank
Byggjestad: Gbnr: 432/51
Tiltakshavar: Hella Bedehus

Alver kommune har den 16.04.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 16.04.2020 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Grindheimsvegen 30, 5936 Manger. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Lågt nivå i tanken kan og tyde på huset er lite i bruk. Vi ber dykk om ei tilbakemelding om dette kan vere årsaka til at det er registrert lågt nivå i tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Dersom det viser seg å vere lekkasje, må tilstanden utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 30.06.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre tilhøvet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når tilstanden er reparert må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Hella Bedehus

5936 MANGER